



**Sakshandsamar:**

Idar Sagen  
E-post: idar.sagen@sfj.no  
Tlf.: 41530964

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/8149-6  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

43516/15

**Dykkar ref.**

201300041-5, 200804661-8,

**Dato**

LEIKANGER, 02.10.2015

NVE

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Høyringsuttale til søknader om løyve til å byggje fire småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar.

Fylkesutvalet handterte denne saka 30.09.2015 som sak 90/15 og det vart gjort slikt vedtak:

*1. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Nordfjorden er stort, men at dei fire nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For dei fire prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små til moderate, og fylkeskommunen rår difor til utbygging med nokre merknader.*

*Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må settast som konsesjonsvilkår.*

*2. Sigdestad kraftverk*

*Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.*

*3. Elde kraftverk*

*Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.*

*4. Stårheim kraftverk*

*Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Den planlagde kraftstasjonen bør flyttast oppover elva, helst oppstrøms Keilshølfossen. Det er lagt til grunn at tiltaket ikkje vil bety fysiske/ hydrologiske endringar som fører til auka ureining, som igjen gjer at tilstanden til vassførekomsten vert dårlegare enn god tilstand.*

*5. Kloveelva kraftverk*

*Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.*

*Fylkesutvalet viser til Eid kommune sin uttale vedkomande vilkår og vassføring.*

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
fylkesdirektør

Idar Sagen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Saksutgreiing med fylkesrådmannen si tilråding.

Mottakar (ar)

NVE

